


Oversiktleg og hendig oppslagsverk for allmennlegar



Chantal Simon, Hazel Everitt, Françoise van Dorp et al.
Oxford handbook of general practice
 4. utg. 1 157 s, tab, ill. Oxford: Oxford University Press, 2014. Pris GBP 35
 ISBN 978-0-19-967103-8

Oxford handbook of general practice kom i år i fjerde utgåve. Førre utgåva kom i 2010. Boka er skriven av allmennlegar, og målgruppa er nettopp allmennlegar, men den vil også vere til god nytte for turnuslegar. Boka er grundig og omfattande, men samtidig lettlest og velskrive, illustrert av nyttige og oversiktlege figurar og tabellar. Den inneheld det meste du treng av medisinsk informasjon og kunnskap til bruk i ein allmenmedisinsk praksis, både i det daglege og i legevaktssamanheng.

Boka er delt i tre seksjonar, med ulike fargekodar: ein generell del som tek for seg organiseringa av britisk allmennpraksis, ein klinisk del og ein del som tek for seg akutte tilstandar. Sidan førre utgåva er dei kliniske kapitla oppdatert i høve til ny kunnskap og gjeldande retningslinjer. Dei ikkje-kliniske kapitla reflekterer endringar i britisk allmennpraksis dei seinare år. Dette er sjølvstapt mest relevant for britiske forhold, men har også ei viss generell interesse.


Dei kliniske kapitla omfattar alle organsystem, i tillegg er der eigne kapitler om småkirurgi, forebygging, kronisk sjukdom, geriatri og akuttmedisin. Kapitla i den kliniske delen er ordna etter dei ulike organsystema, og der er ingen innleiande kapitler som tek for seg dei vanlegaste symptomata som ein møter i allmennpraksis, slik som vi til dømes finn i den norske læreboka *Allmenmedisin*, som er tilpassa norske forhold og mykje nytta som faglitteratur her i landet. Ein kan likevel finne svar på utgreiing av ulike vanlege symptom ved å slå opp i registeret, på til dømes brystmerter, og finne igjen dette i det tilhøyrande organkapitlet. Likevel er denne mangelen noko som trekker ned kvaliteten på boka, som eit allmenmedisinsk oppslagsverk i kvardagen, etter mi mening.

Boka er elles i eit hendig format som gjer det enkelt å frakte den med seg i sjukebesøk og liknande. Omslaget i vinyl medfører også at boka tåler ein støyt. Eit slikt oppslagsverk vil nødvendigvis ikkje kunne halde seg oppdatert kontinuerleg, slik elektroniske verkty i dag gjer. I kvardagen på eit norsk legekontor bruker mange *Norsk elektronisk legehåndbok (NEL)* og *UpToDate* som begge er nyttige, oppdaterte elektroniske hjelpemiddel. Den britiske handboka kan likevel vere eit godt supplement til desse, sjølv om eg ideelt sett hadde ønska meg ein elektronisk versjon og gjerne ein mobilapp.

Lisbeth Homlong

Ph.d.-stipendiat, Institutt for helse og samfunn
 Universitetet i Oslo

Prisverdig initiativ, men lite nyttig om anestesi til gamle



Christopher Dodds, Chandra M. Kumar, Bernadette Th. Veering, red.
Oxford textbook of anaesthesia for the elderly patient
 314 s, tab, ill. Oxford: Oxford University Press, 2014. Pris GBP 85
 ISBN 978-0-19-960499-9

Befolkningen eldes, og det er få øvre aldersgrenser for avansert medisinsk behandling. Sykdommer og skader er vanligere hos gamle enn hos unge. En lærebok om anestesi til eldre er i praksis en lærebok i anestesi til den «gjengse» anestesilogiske pasient.

Denne store, innbundne boken er på 300 sider, har få illustrasjoner, men like fullt en tiltalende og ryddig layout. Den er delt i fire hovedkapitler. I kapittel en og to tar forfatterne for seg basale fysiologiske endringer som følger av økende alder, mens kapittel tre og fire er mer summariske fremstillinger av sykdomstilstander hos eldre og en anestesilogisk tilnærming til disse. De ulike kapitlene er skrevet av subspecialister på sine felt.

Problemet er først og fremst at det er vanskelig å se en klar nytteverdi for en målgruppe. Boken spenner for vidt og omfattende og blir samtidig for tynn – både som en generell lærebok i anestesi, og for et mer dypdykk i enkelte problemområder. Redaksjonelt virker boken, og særlig kapittelinnvidlingen, litt lite gjennomtenkt og gjennomarbeidet. Er ikke utfordringene som følger av økende alder, de samme, enten man skal gjennom et urologisk, gynekologisk eller abdominalt inngrep? Og kan man virkelig gi innsikt i nevroanestesi eller smertebehandling på åtte sider?

Enkelte deler er interessante og nyttige. Mange pasienter og pårørende engster seg for kognitiv svikt etter anestesi, og Lars Rasmussens kapittel om kognitive aspekter ved geriatrisk anestesi gir en god oversikt over kunnskapsstatus. Kapitlet *Preoperative assessment and optimization of the older surgical patient* er også en grei og reflektert fremstilling av risiko knyttet til enkelte inngrep og forslag til hvilke (få) tester som bør tas preoperativt og hvorfor.

Den virkelig store utfordringen innen geriatrisk, perioperativ behandling er å avgjøre hvilken behandling som overhodet skal tilbys pasienter i svært høy alder, både ut fra etiske og prioriteringsmessige hensyn. Når skal vi sette grensen for hva vi skal behandle? Hvor langt skal vi behandle organkomplikasjoner med høyteknologisk innsats fremfor palliativ behandling og støtte? Dette er utfordringer som man i en lærebok i anestesi til eldre i høyeste grad burde ta opp. Så får vi heller velge et mer egnet sted for å hente kunnskap om f.eks. aldersbetingede endringer i benzodiazepinens farmakologi. To setninger som sier akkurat det enhver anestesilog har observert fra første dag i faget, nemlig at gamle trenger lavere doser benzodiazepiner – uten engang en referanse – trenger vi ikke kjøpe en lærebok for å finne ut.

Siv Cathrine Høymork

Avdelingsdirektør, Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten
 Oslo